



VEDTEKTER FOR DEI KOMMUNALE BARNEHAGANE I VESTNES

§ 1 Eigar

Vestnes kommune eig og er ansvarleg for dei kommunale barnehagane.

§ 2 Hovuddramma for drifta

Dei kommunale barnehagane i Vestnes skal drivast i samsvar med Lov om Barnehagar (barnehagelova), og dei forskrifter og retningsliner som til ein kvar tid er fastsett av departementet, kommunale vedtak og plan for den einskilde barnehage.

§ 3 Formålet

Lov 17. juni 2005 om barnehagar §1, ajourført med endringar seinast 18.06.2010 nr 26 i kraft frå 01.08.2010, sei om barnehagen sitt formål:

«Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene.

Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskertrang. De skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter. De skal ha rett til medvirkning tilpasset alder og forutsetninger.

Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.»

§ 4 Administrasjon

Kommunestyret i Vestnes er politisk organ for barnehagesaker.

Einingsleiarane i dei kommunale barnehagane er administrativt lagt under administrasjonssjefen.

§ 5 Samarbeidsutval

Kvar barnehage skal ha eit samarbeidsutval i samsvar med barnehagelova sin § 4.

Samarbeidsutvalet i dei kommunale barnehagane skal ha 5 medlemmer med personlege vararepresentantar:

2 representantar valt av foreldrerådet.

2 representantar valt av dei tilsette.

1 representant valt av kommunen.

Einingsleiaren ved barnehagen er sekretær for utvalet.

Dersom barnetalet er lavt, kan eigaren bestemme at utvalet skal ha ein representant frå kvar av dei nemnde gruppene.

Representantane frå foreldra og dei tilsette skal veljast for 1 år om gongen.

Valperioden for medlem og vara-medlem som er valt av kommunen er 4 år, og skal følgje kommunestyreperioden.

Samarbeidsutvalet skal sjå til at barnehagen vert driven innafor ramma av barnehagelova, barnehagen sine vedtekter og budsjett. Samarbeidsutvalet skal be om foreldrerådet sitt syn i saker som er særleg viktige for foreldra.

Vedtekter for dei kommunale barnehagane i Vestnes kommune.

Sist revidert og godkjent i kommunestyret 04.03.2021

Endra administrativt januar 2022 med bakgrunn i budsjettamme 2022 K-sak 130/21

Kommunen kan vedta at det skal vere felles samarbeidsutval for kommunal barnehage og skule. Dette skal i organiserasast i samsvar med reglane i opplæringslova § 11-1, fjerde ledd, og barnehagelova sin § 5.

§ 6 Foreldreråd

Kvar barnehage skal ha eit foreldreråd i samsvar med barnehagelova sin § 4. Foreldrerådet består av alle foreldre/føresette som har barn i barnehagen.

Foreldrerådet skal fremje fellesinteresser samt arbeide for eit godt samarbeid mellom heim og barnehage.

Rådet har rett til å bli forelagt saker som er viktige for foreldra i høve til barnehagen, og til å uttale seg i desse sakene.

«Er det i forskrift etter § 20 satt maksimalgrense for foreldrebetaling, kan bare foreldrerådet samtykke i foreldrebetaling ut over dette»

(§4 i Lov om barnehagar)

§ 7 Foreldremøte

Når barnehagane startar opp om hausten skal einingsleiar kalle inn til foreldremøte for å orientere om arbeidet i barnehagen. Dersom det er ønskjeleg kan ein og ha eit foreldremøte om våren.

I løpet av året skal foreldra få tilbod om to foreldresamtalar. Slike foreldresamtalar skal på førehand avtalast med einingsleiar/pedagogisk leiar. Einingsleiar/pedagogisk leiar og foreldre/føresette avtalar elles samtalar/foreldremøter etter behov.

§ 8 Opptak av barn

Det er samordna opptaksprosess for dei kommunale og ikkje- kommunale barnehagane i Vestnes, jf. barnehagelova §17.

Søknad om plass i barnehage skal vere på elektronisk skjema.

Søknadsfristen kunngjerast i lokalpressa og på kommunen sine heimesider.

Innstilling til opptak av barn blir gjort av den enkelte einingsleiar/styrar ved kvar barnehage.

Etter drøftingar mellom barnehagerådgjevare og einingsleiar/styrar blir det endelege vedtaket gjort av administrasjonssjefen ved barnehagerådgjevaren.

Barnehagerådgjevaren ser til at opptaket skjer i samsvar med dei lover og forskrifter som gjeld.

Administrasjonssjefen har fullmakt til å be om fleire opplysningar ved opptak.

Søknader om opptak i løpet av året vert avgjort av einingsleiar/styrar i samråd med barnehagerådgjevaren.

Barn som har får tildelt plass i barnehage, kan behalde plassen fram til skulestart.

Lovbestemte opptaks kriterier:

- 1) Barn med nedsett funksjonsevne har rett til prioritet ved opptak etter barnehagelova sin § 18. (Sakkunnig vurdering på om barnet har nedsett funksjonsevne må leggest fram)*
- 2) Barn som det er fatta vedtak om etter lov om barneverntjenester §§ 4-12 og 4-4 annet og fjerde ledd, har rett til prioritet ved opptak etter barnehagelova § 18.*
- 3) Barn som fyller 1 år innan utgangen av august, september, oktober og november det året det blir søkt om barnehageplass, har etter søknad ved hovedopptaket 1. mars, rett til å få plass i barnehage frå den månaden barnet fyller 1 år. Retten gjeld i den kommunen der barnet er busett.*

4) *Barn med fagleg tilråding om opptak i barnehagen (lege, PPT, barnevern og anna)*

5) *Barn som av andre vektige grunnar treng plass.*

Opptak skjer etter ei samla vurdering av situasjonen til det enkelte barn. Det skal takast omsyn til at barnegruppa ikkje blir for einseitig samansett når det gjeld alder og kjønn. Det skal og takast omsyn til mangfald og eigenart hjå barnehagen.

Barn skal reknast som 3 år frå august det året barnet fyller 3 år.

§ 9 Helseattest

Før barnet begynner i barnehage skal dei føresette legge fram erklæring om barnet si helse. Dette skal gjerast på fastsett skjema. Jf. § 50 i Lov om barnehagar.

§ 10 Opningstider

Dei kommunale barnehagane har opningstid frå 06.45-16.30.

Maks opphaldstid tid pr. dag er 9 timar.

Kommunestyret fastset opningstidene i barnehagane. I løpet av barnehageåret skal det etter ein fastsett plan nyttast 5 dagar (37,5 t.) som studie- og planleggingsdagar for personalet.

Barnehagen er stengt på planleggingsdagar og føresette skal varslast minst 3 veker på førehand.

Om sommaren er barnehagane stengt 4 veker, som regel tre veker i juli og ei veke i august.

Barnehagane har ope i romjul og påskedagane etter behovsundersøking.

Dei kommunale barnehagane held stengt julaften og nyttårsaften.

Onsdag før skjærtorsdag stenger barnehagane klokka 12.00.

§ 11 Foreldrebetaling

Foreldrebetalinga er utrekna på 11 månader, termin 7 - 1. juli til 31.juli er betalingsfri måned. Det blir gitt søskenmoderasjon, 30 % for barn nr. 2, 50 % for barn nr. 3 og ev. fleire. Foreldrebetalinga gjeld frå den dato barnet har fått plass. Det blir ikkje gitt fråtrekk for fråver, heller ikkje for dei dagar barnehagen held stengt, utanom sommarferien.

Ved langvarig sjukdom hos barnet kan ein søkje administrasjonssjefen om redusert foreldrebetaling.

Dersom foreldre/føresette ønskjer å auke eller redusere barnehageplassen i løpet av året må det søkjast om dette via Visma Flyt Barnehage sin føresettportalen på www.vestnes.kommune.no

Når foreldrebetalinga uteblir i 2 månader, og det ikkje vert gjort skriftleg betalingsavtale, taper barnet plassen frå den første opningsdagen i komande måned.

Dei kommunale barnehagane har felles grunnsats for kost i tillegg til foreldrebetalinga. Samarbeidsutvalet kan vedta kostpengar utover grunnsatsen.

Ved overtid etter klokka 16.30 blir foreldre/føresette belasta med gebyr på 200.- kroner for påbegynt halvtime.

§ 12 Oppseiing.

Oppseiingstida er 2 månader. Oppseiinga må skje via Visma Flyt Barnehage sin føresettportal på www.vestnes.kommune.no innan den 1. i månaden.

§ 13 Internkontroll.

Kommunen sine barnehagar er etter forskrift om internkontroll av 22. mars 1991, pålagt å utarbeide internkontrollhandbok og sjekklister for den enkelte barnehage.

§ 14 Ansvar.

Personalet har ansvar for barna den tida dei er i barnehagen. Foreldra må sjølve syte for/ordne med levering og henting av barna sine. Foreldra skal vere med inn i barnehagen ved levering og henting.

§ 15 Norm for pedagogisk bemanning .

Ein pedagogisk leiar kan maksimalt ha ansvar for 14 barn over 3 år, eller 7 barn under 3 år. Norma skal vere oppfylt for barnehagen som heilheit.

§ 16 Norm for areal i barnehagane

Følgjande norm for netto leike- og opphaldsareal innandørs skal gjelde for dei kommunale barnehagane:

4.0 kvadratmeter pr barn over 3 år

6.0 kvadratmeter pr barn under 3 år

§ 17 Opplysningsplikt

Etter § 45 og § 46 i Lov om barnehagar har barnehagepersonalet opplysningsplikt til sosialtenesten og barneverntenesten. Alle som jobbar i barnehage har meldeplikt til barnevernet etter Barnevernlova §6-4 og barnehagelova § 46.

§ 18 Teieplikt

I samsvar med § 40 i Lov om barnehagar har alle tilsette og andre som handsamar saker etter Lov om barnehagar teieplikt om dei forhold dei blir gjort kjend med gjennom arbeid/tillitsverv i barnehagen.

§ 19 Politiattest

Alle som arbeider i barnehage må legge fram tilfredsstillande politiattest, jf § 30 i barnehagelova.

§ 20 Endring i vedtektene

Samarbeidsutvalet og foreldrerådet ved barnehagen kan fremje forslag om endringar i vedtektene til barnehagen. Når foreldrerådet har fått høve til å uttale seg, kan samarbeidsutvalet med vanleg fleirtal gjere framlegg om endringar i vedtektene. Endringane skal godkjennast av kommunestyret.

Kommunen kan også gjere framlegg om endringar. Endringane skal då leggest fram for samarbeidsutvalet ved barnehagane for uttale før vedtak i kommunestyret.